



Vestland Bjøllelag

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/697 - 23/6762

Saksbehandlar:

Ottar Myrtveit

ottar.myrtveit@masfjorden.kommune.no

Dato:

01.08.2023

Melding om delegert vedtak- søknad om landingsløyve for helikopter i Stordalen fra Vestland Bjøllelag

Vi syner til søknad motteke den 14.07.2023

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

Administrativt vedtak. Saknr: 062/2023

Masfjorden kommune gjev Vestland Bjøllelag v/Audun Seilen landingsløyve frå Nystølen i Stordalen til signalbase 22 og 23 i Stølsheimen på desse vilkår.

- Løyvet gjeld for tur og retur i perioden frå: 01.08.2023 – 31.08.2023 og inntil 3 hiv.
- Løyvet skal vere med i fartøyet under oppdrag
- Masfjorden kommune skal ha melding om endeleg dato for flyginga når dette er fastsett.
- Kenneth Birkeland, pilot, skal varslast om vedtaket.

Heimel: Lov om motorferdsel i utmark § 5 og 6

Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Me syner til søknad om landingsløyve med helikopter datert 13.07.2023 frå Vestland Bjøllelag. Det vert søkt om landingsløyve for helikopter begrensa til området Nystølen til signalbase 22 og 23 i Stølsheimen på Masfjordsida. Nystølen ligg rett over grensa til Høyanger og av dei 3 nye signalbasane der utstyr skal flygast til ligg ein i Høyanger (nr.24) og to i Masfjorden (nr. 22 og 23). Vestland bjølleleag skal i samarbeid med sankelaga montera opp lokale basestasjonar for betre signaldekning og betre sporing av beitedyr. Lokalt personell organiserer flyginga. Ein vil nytta Kenneth Birkeland sitt helikopter.

2. Uttale

Søknaden må handsamast etter lov om motorferdsel i utmark § 5:

§ 5.(tillatelser etter vedtak)

Kommunen kan gi forskrift om adgang til:

- landing og start med luftfartøy på bestemte steder i utmark og vassdrag. Adgangen kan*
- a. begrenses til landing og start til bestemte formål, til bestemte tider og til å gjelde selskaper eller enkeltpersoner som driver ervervsmessig luftfartsvirksomhet.*
 - b. bruk av motorfartøy på innsjøer mindre enn 2 kvadratkilometer når det foreligger særlige grunner som i tilfelle må angis i forskriften.*

Det vert og vurdert etter §6, "Når særlige grunner foreligger, kan kommunen gi tillatelse til bruk av motorfartøy eller luftfartøy som ellers ikke kan finne sted etter denne lov eller med hjemmel i loven. Tillatelse etter første ledd kan gis for bestemte høve eller for bestemt tidsrom. Kommunen kan sette vilkår for tillatelsen." Masfjorden kommune har som praksis å gje løyve til helikoptertransport ved bygging/vedlikehald av hytte/stølshus når avstandane er store, og det er vanskeleg med andre løysingar. Andre løysingar enn helikopter er eit alternativ men vil vere vanskeleg. Bruk av anna motoriserte køyretøy vil med stort sannsyn medføre vesentlege sår i terrenget. Det aktuelle området sine naturverdiar, og for viltet skal ein og ta omsyn. Ein har likevel ikkje kjennskap til informasjon som tilseier at landing i dette tilfellet får uheldige konsekvensar for dyreliv og biologisk mangfald. Kommunen meiner at det føreligg ein særleg grunn, jf. § 6 i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Aktuelle berørte grunneigarar skal varslast om vedtaket. Søkjar er ansvarleg for at landingsplassen er forsvarleg avstengt og sikra for utanforståande. Det skal flygast inntil 3 hiv

3. Fakta

Flyginga til signalbasen i Høyanger (nr24) handsamar kommunen der. Omsøkt periode er 13.07-13.08.2023. I ferietid kan ein ikkje pårekna at vedtak er gjeldande frå same dag søknaden er sendt. Løyvet vert difor endra til 01.08- 31.08.2023 då været td. kan vera ulageleg.

4. Vurdering

Kommunen godkjenner søknaden. Med dei hensyn som går fram av vedtaket og i uttalen vil vedtaket vera i tråd med gjeldande regelverk som er nytta.

5. Konklusjon

Løyvet blir godkjent med dei vilkår som går fram av vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Ottar Myrtveit
landbruksrettleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Vestland Bjøllelag